# i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag
02/03

## Stavtjørn Weekend

Se side 6









### Buss By Bowling

**Finnøy ungdommen trenge å komma seg ud og slå seg litt laus. Bowling og pizza i Sandnes e tydligvis d retta. Go gang!**

Se side 3

### Bibelrebus

**D va kvelden for å få svar på det alle lure på: Vil du bli misjonær? Kan du laga ein svin-go rebus? Klare du mima Fadervår?**

Se side 4

### Stikk Innom-Fest

**Stor fest på Lauvsnes me tradisjonelle legar og nymotens mad. Denne gongen e Kåre fornødde og komme me mången lovord.**

Se side 5

### Fleirbrukshallen

**Endelig e ventetiå øve! Hallen e ferdig og har allerede romma mange forskjellige aktivitetar. Les om ka som foregjekk åpningshelgå.**

Se side 8

# Ledar

Tekst: Kåre Vignes

**Så har me vore på weekend på Stavtjørn igjen. Nok ein gong va det ei givande helg på adle mådar. Me fekk høyra om Jesus, me fekk le samen, me fekk renna på ski og me fekk eda så møje Nugatti me ville uden å få kjeft. Storarta. Weekenden va ein flotte opplevelse i år og, det kan du lesa meir om i dette nummeret av I ulage'.**

Påsken står for dørå, og det e som vanligt ein travel og kjekke periode i ungdomslaget. På Langfredag for eksempel, bler der ein rolige kveld på Lauvsnes itte at festen på Bethel e øve. Ikkje som et vanligt Stikk Innom, men meir som ein kveld te ettertanke.

Eg snakte me ein kompis her ein dag. Me snakte om Stavtjørnweekend før i tiå, og mimra litt om når Arne Madland og Reidar Landa va dei store kule guttane så me såg opp te. Då sa han någe så eg har tenkt litt på ittepå. Han sa någe slikt som dette: "Når eg tenke tebage på vitnemødå før i tiå så va der mången så sa at dei va så takknemlige for alt Ungdomslaget hadde betydd for di. Eg konne aldri heilt forstå ka di snakte om då. Men nå når eg har blitt eldre så forstår eg at uden Ungdomslaget e det sanneligt kje godt å sei koss det hadde gått me meg".

Der e møje sant i det så han sa. Det e ofta slig at det e når me ser tebage på ting at me virkeligt ser koss det egentligt va. Når eg tenke tebars på årå eg har hatt i Ungdomslaget blir eg fyllt av takknemlighet for dei som va med som lederar når eg va i startfasen av ungdomstiå, og som ga oss ansvar sjøl om me kanskje va i yngsta laget. Mången av dei som va med på den tiå ser eg igjen på abonnementslistå vår. Det må eg sei e veldigt triveligt. Det vise kanskje og at Ungdomslaget fremdeles har ein store plass i hjerta te mången finnøybuar sjøl om det kanskje e mången år si di reiste ud te Lauvsnes for å gå på Stikk innom.

Så te slutt någen få ord om Fleirbrukshallen. Der kjeme meir seinare. Men iallefall: Du hendelse så kjekt at me endeligt har fått an opp. Ungdomslaget e ein av organisasjonane som har vore med på prosjektet, men har ikkje akkurat vore øve-aktive med dugnad og denslags. Der har kje akkurat vore øvevekt av folk onna tretti så har gått på dugnad kan ein sei.... Men nå håbe eg iallefall at me klare å laga någen arrangementer der nere så kan rocka litt. Fodballturnering bør det iallefall konna ble.

# Andakt

Tekst: Dorrit Vignes

**E du av den type person at du ber, og hørre Guds ord bare på Stikk innom-mødene eller i kjerkå på søndag føremiddag? Eller e du av dei så tar seg ti te Jesus ei lidå stonn kvar dag? Eg håbe du e av den siste sorten.**

Det e flott at folk går i kjerkå å Stikk innom, for all del. Men ein ting så e lige viktig som å gå på møde e å ha et personlig felleskap med Gud. Bare du å han. Ingen andre. Ti minutt eller ein halltime der du tar deg ti t å lesa litt i Bibelen, å finna ud kem du egentlig trur på.

Folk klage ofta på at dei føle at dei ikkje får svar når de ber, å at di synest Gud virke så fjern. E d rart når di aldri tar seg ti te å ver i lag med an, snakka i lag me an? De seie seg igronnen sjøl. Visst du har ein venn så du aldri snakke me, kossen kan du då forventa at dåkk ska ha et nært forhold, å at du ska få svar av an når du spør om någe? Eller motta hjelp av an når du mesten aldri e i lag med an?

Å kossen ska du veda ka tankar å planar an har om og for deg, når du aldri har ti te å setta deg ner å hørra ka an faktisk har å sei?

MIN OPPFORDRING TE DEG E SOM FØLGER: Prøv å sett av ein liden bede av di dyrebare ti te Jesus kvar dag. Fem, ti minutter e bedre enn ingen ting. Du syntes kanskje at dette hørres stress, å litt unødvendig ud (man kan jo ver kristen uansett om man tar desse minuttå kvar dag eller ikkje). Men ska eg sei deg ein ting? Desse minuttene er faktisk meget viktige.

Koffer di e viktige? Du får et mye merr personligt forhold te Gud rett og slett. Eg kan lova deg at du komme te å merka forskjell. De jørr vertfall eg :)

# Formannshilsen

Tekst: Marianne Ildstad

**Denna gongen må eg skrøyta litt av Stavtjørn weekend åg den goe jobben weekend komiteen gjorde!!! Dokk gjor ein SUPER jobb alle i samen!! Åg eg trur dei aller fleste va fornødde me oppholdet.**

Ellers vil eg bare oppfordra alle te å tenka øve om der e någe du kan bidra me i ungdomslage. Me i hovudstyret e i foll gong me å fylla opp plassene i styrene te neste år, å bler enormt gla viss någen melde seg frivillige! Me e spesielt på utkikk itte någen te å ver formann... Trenge formenner te både hovudstyret åg Stikk Innom styret. Supert viss någen konne tenkt seg å ta øve den jobben! E d någe du lure på angåane et slikt arbeid, e d bare te å ta kontakt me Kristoffer elle meg.

I u-lage er organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag. Redaktør: Kåre Vignes. Layout: Henning Ildstad. Redaksjonsmedlemmer: Gøril Bleie, Camilla Mjølsnes, Marie Lunde. Frilans: Anders Trahaug og Kjell Morten Eggebø. Og berre så det er sagt: Me arbeidar IKKJE etter vær varsom-plakaten, og bryr oss slett ikkje om kva PFU har å seia om avisa vår. Følar du deg urettvist behandla nyttar det altså ikkje å klage oss inn for noko som helst. Skriv gjerne til oss på epost: **iulage@start.no**. Kontonummeret vårt er: 3347.20.17697

# Buss By Bowling

## 22. februar









Tekst: Camilla Mjølsnes

**Lørdag 15 februar va de ijenn ti for bytur. Ca 30 ungdommar å hallvoksne fra både Finnøy, Talje å Fogn møtte opp på Ladstein ronnt klokkå 5, klare for å kjøra te Havanna å bowla.**

Mens me snakke om bowling, så har eg någe merr å sei om de: DE E HEILT SINNSYKT KJEKT! Jaffal viss du treffe..;) Å eg har fonne ein nye måde å bowla på for di så senne kula me skru nerøve golve! Ikkje gå inn på banen, håll deg heller litt i udkanten. Viss du forstår.. Ikkje vett eg kaffor de hjelpe, men tru meg, de e utprøvd av underteikna med ett heldigt udfall..:)

Mens någen kjempa seg godt øve blondiegrenså så ligge på 100 poeng, hollt di fleste seg ett godt stykke onna.. Men me koste oss fordeom!

Itte me hadde spelt fra oss, kjørte me te Dolly Dimple`s ein plass, så eg me min sterkt svekka geografiske sans ikkje vett kor va. Me heiv innpå me pizza i ett meget trångt, men koselikt lokale, før me tog turen te Randaberg Forsamlinghus. De va bare sånn ca 3 stykk der når me kom, men si me e ett trekkplaster, kom de flerne itte kvart:) De va et nokså enkelt lokale me kiosk, biljard, fotballspel å Airhockey. Så då blei de ein del speling der åg! Ganske kjekt:)

Når me te slutt va vel heima me den sista ferjå, trur eg alle hadde ein følelse av å ha hatt ein nokså trivelige kvell











# Bibelrebus

1. mars







Tekst: Anders Trahaug

**Inkompetente styresmakter og utanomsportslege komplikasjonar har ført meg oppi det problem å skrive ein artikkel om eit arrangement eg ikkje deltok på. Difor må det understrekes at artikkelen kun er basert på uverifiserte rykter og indisier.**

Derimot vil det siste kvarteret bli utfyllande skildra med patos og presisjon. Det var nemlig først då journalisten gjorde entre på Lauvsnes bedehus.

Kilder eg har vore i kontakt med i etterkant av bibel rebusen hevdar at arrangementet var av den gjennomførte og planlagde sorten. Min kontakt person vil sjølvsagt ikkje nemne namn med omsyn til personvern og egen proteksjon, men bakmennene, eller kanskje bakkvinnene, skal være av veteranane i ungdomslaget.

Dei oppmøtte blei delt inni lag, som i så måte skulle utøve sine bibelkunnskapar mot kvarandre i jakta på heider og ære, og ekstra stjerner i himmelen. I første del av tevlinga skulle laga produsere ein egen rebus, før dei etterpå skulle mime ein episode frå bibelen. Undertegnede har liten kjennskap til utfalle av dei psykisk krevjande oppgåvene, og hopper difor elegant til det dramatiske høgdepunktet.

Heile slaget skulle avgjerast med konkurransen ”Vil du bli Misjonær”, eit harselas med TV2 og Fridtjof Wilborn sin kveldsunderhaldning. Med sine kunnskapar og sitt intellekt var det stor rift om kven som skulle få journalisten på lag. Han fortok eit par raske kalkuleringar og valgte seg sjølvsagt ut laget med flest jenter i forhold til jernaldrane gutar. Arrangørane hadde nok undervurdert kunnskapen blant allmuen, for det måtte ekstra spørsmål til for å avgjere tvisten. Vinnarane, laget med journalisten på, mottok eit nydelig pappkors dekka av aluminiumsfolie, og var særs nøgde med innsatsen.

# Stikk Innom-Fest

8. mars

Tekst: Kåre Vignes

**D va me store spenning eg gjekk t Stikk innom-festen denne gongen. Som någen kanskje huske va undertegna ikkje akkurat strålande fornødde itte festen i haust. Men denne gongen va d kjekkare, å så møje kjekkare.**



Me va vel omtrent førti unge og ikkje fullt så unge på Lauvsnes denne kvelden. Bordå va fint pynta og Øyvind Eggebø va i godt humør. D pleie han jo å var ofta, men denne kvelden va an av ein eller aen gronn ekstra fjåge.

Som vanligt konne allsangen ha vore bedre – ikkje vett eg kaffor folk e så ringe te å synga. Kanskje me må kjøra igong et kor igjen slig så me hadde i gamle dagar. Der e ikkje så mången så huske KAOS lenger – med Ingrid Anne Eggebø og Liv Kristin Steen som ildsjeler. Begge to har gifta seg og reist t byn. Slig kan det gå.





Maden besto av hamburger, og andakten va det Eirik så hadde. God mad og fine andakt.

Underholdningå va et dugnadsprosjekt der fleire personar deltok med leikar av ymse slag. Mange av dei gjekk ud på å få folk svimle ved å la dei springa rondt ei flaska så sto på golvet for så å få di te å detta på golvet. Kjempeløye! Me lo og lo. Av og t e d enkla det besta, for å sitera reklamekampanjen t ein butikkjede som me heldigvis aldri kjeme te å få sjå på Finnøy.





# Stavtjørn Weekend

21.-23. mars





Tekst: Kåre Vignes

**Viss I u-lage' hadde vore ei tabloid-blekka hadde øveskriftå øve dette stykke vore någe slikt som "Finnøy-ungdommer raser; Stavtjørn misjonssenter selges". For dette året va me kanskje på weekend på Stavtjørn for siste gong.**

Viss me vil tebage neste år må me kanskje bu i campingvogner og telt. Det bler neppe någe av. Me får håba at Normisjon finne kjøberar som ser med velvilje på å leiga plassen ud te 60-70 meir eller mindre galne finnøyungdommar og i framtiå. For Stavtjørn må ikkje ble tatt frå oss.



I år va me omlag 60 stykk så reiste opp. Sjøl reiste eg me fodle bil frå Lundeneset. Tri timar tog det oss å komma fram, me konne sikkert reist både to og tri gonger så lenge. For te Stavtjørn sko me uansett. Bare et år i isødet i indre Troms har hindra meg frå å ver der kvart år itte at eg blei gammale nok. Dessverre har Sveinung Risa ikkje same respekt for lovar og reglar som meg. Han reiste for fysste gong før han blei gammale nok og har vore der kvart år itte det. Han e derfor oppe i fjorten Stavtjørnweendar. Ein meir enn meg. Får håba an bler gifte og får ongar snart slig at eg kan gå forbi an. For e de någe så sedde stoppar for Stavtjørnweekendeltakelse e det kåna og ongar. Det fekk blant aent Tor Øyvind og Silje, to av dei virkelige veteranane på området, erfara. Trist, men det e livets gang.

Talaren dette året va ein unge friske tømmermann så har vore med oss før, Endre Urstad frå Bryne. Han e Bryne-supporter og jysla go te å skrøyda øve kor goe dei e og kor møje di kjeme te å banka Viking i år. Dessverre fekk me ikkje ti te å intervjua an mens me va på Stavtjørn, men uansett ka me hadde spurt an om hadde svaret vore någe slik som: "Græa goe graie, haia Bryne!". Endre gjorde iallefall et u-utsletteligt inntrykk på adle så va på weekenden. Ingen andre talerar har gjønå historien såvidt eg og Sveinung huske begynt sin virksomhet på ein weekend liga dristigt som Endre. Eg ska kje røba ka han







gjorde, men eg kan sei såpass at viss an hadde gjort de sama på Bethel i 1970 hadde han muligens blitt heven på håve ud av heila bedehus-styret. Effekten va iallefall at adle sad som tente lys resten av møde og høyrte itte ka an sa.

Lordagen blei for ein stor del tilbrakt i skibakken der forholdå ikkje akkurat va av det strålande slaget. Det veksla mydlå skare, slush-snø og knallharde stålis. Men dei tøffe takle adle forhold, så me kom oss igjønå dagen uden altfor mange skader. Ein del folk valgte og å slikka sol i staen for sår itte fall i skibakken og tog det med ro udføre misjonssenteret.

Middagen i år fortjene et par ekstra linjer. Det va rett og slett ein reprise av nyttårmenyden; Røykte svinakam med Kongsvik-vri. Må sei det sette ein store spiss på heile weekenden at me fekk skikkelige middag og ikkje någe halvlunka pølsa og potetstappa. Det va skikkelige mad så på ingen måde inviterte folk te å hiva det på naboen. For et framskritt.

Lordagskvelden kom med vitnemøte og underholdning, neste år kan det kanksje var ein ide å ha litt meir lys på slig at ikke halve mødesalen blir liggande og sova udpå kvelden… Uansett va der heldigvis ingen så snorka liga høylytt så min kjære bror Oddvar gjorde fysste gongen han va på weekend. Midt i rommet sad han tebagelent og snorka høglytt med åpen munn mens Sigve Ladstein fortvila prøvte å øvedøva han med et vitnesbyrd. Enkelte ting brenne seg fast i minnet.

Udøve nåttå blei det tunnel-vandring og nattmat, og mårån ittepå måtte dei stakkars kjøkkenfolkå bruga timasvis på å rydda opp på kjøkkenet. Det burde vore unødvendigt, og eg foreslår at adle stemme på et parti som går inn for å auga bevigningen te Heimkunnskap i skulen ved neste valg.

Itte frukosten tog eg med meg dei fleste Lundenesingane og reiste opp igjen, så eg vett rett og slett ikkje heilt sikkert koss det gjekk te slutt. Men eg har nå iallefall sitt Halvard Lauvsnes ittepå, så det tyde på at adle kom seg vel him.



# Fleirbrukshallen

Tekst: Kåre Vignes

**Den fjortende mars va der store åpningsfest i Fleirbrukshallen. Endeligt har og Finnøy fått seg ein hall der folk kan komma samen te festlige anledningar. Heila helgå blei ein store opptur for adle så va innom hallen.**

Egentligt åpna hallen heila vegå før åpningsfesten. Skulen hadde gym der, og der va forskjellige arrangement. Lokalen va og innom og hadde innslag.

Fredagskvelden va kvelden for adle så hadde bidratt med enten penger eller dugnad te hallen. Det va Tor Øyvind Skeiseid så va konferansier, og han gjorde ein framifrå jobb. Arild Flesjå mottok mykje fortjent ros for sin innsats, og hallen fekk mangen fine helsingar. Ein kjekke kveld, ikkje minst for undertegna som har vore med i styret for hallen i to år. Det gjorde ingenting at me røyg ud av fodballturneringå seinare på kvelden itte at eg bomma på åpent mål ti sekund før slutt. Slikt kan skje den beste. Det skjedde jo meg. Eg velge å skylda fadesen på keeper Kongsvik som trudde han sko spela midtbane.

På lordagskvelden va der kultur-kveld med alt frå Halsnøy musikklag og Unge røyster te jenter så hoppte og spratt rondt på scenen te pop-music. Som Benny Lennartson sa: Det her var jammen det jag vill kalla en salig blanding". Stiligt va det iallefall.

Eg høyre rykter om at itte eg hadde forlatt tilstelningen, itte at Benny hadde drede meg ud for heila øynå ved å omtala meg som ein av dei dårligaste fodballspelerane han hadde trent, va der ein så hadde øvetatt showet litt vel møje. Sjøl va eg heldige nok te å var på vei te Stavanger når dette skjedde, og eg kan derfor ikkje skriva meir om det. For her i aviså kommentere me aldri rykter meir enn strengt tatt nødvendigt.

Søndagen gjekk med te volleyballkamp og kjøttkagemiddag te hondrevis av svoltne øybuar. Det va vanvittigt kjekt å sjå den långe køen av folk så kom for å kjøba middag. Måtte det ble ein tradisjon framøve.

Om kvelden blei Søndagsåpent arrangert i hallen. Ifølge Lars Rørtveit som va med i kulissene den kvelden va der omtrent 220 mann på møte. Det e for å sei det slig veldigt veldigt bra. Det hadde vore ein kjekke kveld, sa an Lars.

Så Fleirbrukshallen levde virkeligt opp te navnet sitt den fyssta helgå. Her va der kje bare ungdommar så spende ein fodball inn i et mål. Her va der unge og gamle frå heila øynå og faktisk og frå andre øyar samla te sosiale og åndelige aktiviteter.

## MiniPortrettet

Tekst og Foto: Camilla Mjølsnes

Navn: **Anders Trahaug**



Alder:
**Øyeblikk 19 år**

Sivil status:
**Ensom og evig fortapt**

Bosted:
**Faabakkane**

**Kaffor går du på Stikk Innom?**
Fordi den skummle og mystiske mannen med snop på Judaberg tvinge meg.

**Ka e bra?**
At den skumle og mystiske mannen med snop ikkje er på Lauvsnes.

**Ka konne vore bedre?**
Konsekvent utestenging av alle individer som produserer meir enn 100dB støy.

**Ka syns du om weekenden?**
Snø på Stavtjørn-weekend - skummelt!

**SKITTEN MELK?**
**SKAFF DEG TANKVASKER**
**(nesten) GRATIS! ***





Leveres ferdig montert
Produsert på Finnøy

Ring Steinar på tlf 916 99 505
eller se www.finnserv.no

FINNØY FGS GARDSSERVICE

* Du betaler kun kr 10.000,- og får utrolige 9.000,- kr i tilskudd fra Tine Meierier Sør

Kopiert hjå:
BM BYGGMAKKER BYGGMAKKER Ladstein Fordi det lønner seg! NORDBOHUS NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!